Utdanningsdirektoratet

# Læreplan i modellbyggjarfaget Vg3 / opplæring i bedrift

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 14. februar 2008 etter delegasjon i brev av 26. september 2005 frå Utdannings- og forskingsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2008

# Føremål

Modellbyggjarfaget skal leggje grunnlag for yrkesutøving innan konstruksjon og bygging av modellar i ulike materiale til bruk i industrien. Modellen er verktøyet teknologiindustrien bruker for å framstille produkt i metall og plastmateriale.

Opplæringa skal medverke til at lærlingen utviklar forståing for sikker og rasjonell produksjon i tråd med dei krava kunden har til modellar. Vidare skal opplæringa fremme kompetanse i bruk av modellutstyr, verktøy og ulike materiale og teknikkar for framstilling av modellar.

Opplæringa skal leggje til rette for at lærlingen får brei og variert trening i å framstille modellar til ulike formål og medverke til å utvikle kompetanse i bruk av maskiner og framstillingsteknikkar. Vidare skal planlegging av arbeidsoppdrag, dokumentasjon og kvalitetskontroll inngå i opplæringa. Fagetikk og helse, miljø og tryggleik skal vere ein del av opplæringa.

Fullført og bestått opplæring fører fram til fagbrev. Yrkestittel er modellbyggjar.

# Struktur

Modellbyggjarfaget er samansett av tre hovudområde som utfyller kvarandre, og som må sjåast i samanheng.

**Oversikt over hovudområda:**

| **Årstrinn** | **Hovudområde** | | |
|---|---|---|---|
| Vg3 / opplæring i bedrift | Modellframstilling | Materialteknologi | Dokumentasjon og kvalitet |

# Hovudområde

## Modellframstilling

Hovudområdet omfattar planlegging og framstilling av modellar. Vidare omfattar det kundekrav, teikningar, spesifikasjonar og standardar. Val av materiale, maskiner, produksjonsteknikkar og programmering inngår i hovudområdet.

## Materialteknologi

Hovudområdet omfattar val av materiale og økonomiske vurderingar. Vidare inngår tilpassing og bruk av teknikkar og verktøy. Helse, miljø og tryggleik og avfallshandtering er ein del av hovudområdet.

## Dokumentasjon og kvalitet

Hovudområdet omfattar kvalitetssystem i bedrifta og vedlikehalds- og dokumentasjonsrutinar. Det omfattar også lesing av teikningar og bruk av standardar. Økonomi og fagetikk inngår i hovudområdet.

# Grunnleggjande ferdigheiter

Grunnleggjande ferdigheiter er integrerte i kompetansemåla der dei medverkar til å utvikle fagkompetansen og er ein del av han. I modellbyggjarfaget forstår ein grunnleggjande ferdigheiter slik:

*Å kunne uttrykkje seg munnleg og skriftleg* i modellbyggjarfaget inneber å kommunisere om faglege løysingar med kundar, kollegaer og leverandørar.

*Å kunne lese* i modellbyggjarfaget inneber å forstå og bruke arbeidsforklaringar, instruksar, prosedyrar, teikningar, handbøker og standardar. Det inneber dessutan å tolke arbeidsteikningar og forklaringar med teikn og symbol.

*Å kunne rekne* i modellbyggjarfaget inneber å rekne ut innstillingar på maskiner og økonomiske konsekvensar ved val av ressursar og metodar. Rekning inngår også i arbeid med teikningar, katalogar, skjema og standardar.

*Å kunne bruke digitale verktøy* i modellbyggjarfaget inneber å bruke styringssystema i bedrifta til planlegging, konstruksjon, produksjon og dokumentasjon. Det inneber også å bruke digitale måle- og simuleringsverktøy.

# Kompetansemål

## Etter Vg3

## Modellframstilling

*Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne*

- planleggje arbeidet i tråd med spesifikasjonar og kundekrav
- velje og bruke maskiner og vedlikehalde desse
- velje og bruke materiale, verktøy og utstyr tilpassa arbeidsoppgåvene og grunngi vala sine
- velje og bruke måleverktøy
- teikne oppslag, setje deling på modell og bestemme slepp ut frå standardar
- vurdere utforming og dimensjonar på kjernar og utvisarar
- rekne ut krymp på grunnlag av støypelegering og spesifikasjonar
- vurdere behovet for arbeidsmonn ut frå teikningar og kundekrav
- rekne ut slepp på modell og kjernedor
- vurdere behov for endring av teikningar og modellar med tanke på forming og drøfte løysningar med oppdragsgivaren
- gjere greie for kva krav støyperia set til modellar
- overflatebehandle modellar, bruke fargesymbol og ta omsyn til slitasje
- tilpasse kjernekasser til skytemaskiner
- montere modell og løpssystem på plate
- programmere og klargjere CNC-maskiner og utstyr tilpassa produksjonsoppgåver
- velje skjereverktøy og skjeredata
- vurdere ulike metodar for effektiv og rasjonell framstilling av modellar
- bruke verneutstyr i tråd med gjeldande regelverk for helse, miljø og tryggleik
- vedlikehalde maskiner og utstyr i tråd med prosedyrar

## Materialteknologi

*Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne*

- velje materiale i tråd med arbeidsoppgåver, spesifikasjonar og produksjonsutstyr
- gjere greie for materiale som blir nytta til modellbygging
- vurdere økonomiske konsekvensar av materialval
- velje og bruke tilverkingsteknikkar i tråd med materialval
- klargjere materialemne for styrte verktøymaskiner
- handtere materiale og avfall i tråd med reglane for helse, miljø og tryggleik i bedrifta

## Dokumentasjon og kvalitet

*Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne*

- rekne ut toleransar etter teikningar og standardar
- tolke og forklare teikningar, teikningssymbol og målsetjingar
- registrere avvik og utføre avvikshandsaming i tråd med prosedyrar
- vurdere sitt eige arbeid i tråd med krav til effektivitet og lønnsemd
- handsame opplysningar frå kundar og oppdragsgivarar i tråd med fagetiske normer
- utføre sluttkontroll av arbeidsoppgåver
- utføre arbeid i tråd med system for helse, miljø og tryggleik og kvalitet
- bruke produkt- og HMS-datablad

# Vurdering

**Vg3 modellbyggjarfaget**

Føresegner for sluttvurdering:

| **Hovudområde** | **Ordning** |
|---|---|
| Modellframstilling<br><br>Materialteknologi<br><br>Dokumentasjon og kvalitet | Alle skal opp til fagprøva, som normalt skal gjennomførast innanfor ei tidsramme på fem vyrkedagar.<br><br>Alle kandidatar som ikkje har følgt normalt opplæringsløp, må ha bestått ein eksamen på Vg3-nivå i lærefaget. Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt. |

Dei generelle føresegnene om vurdering er fastsette i forskrift til opplæringslova.